

Sluttrapport Ung Kraft-fondet

Sauda Microbit Challenge 2026



Kva ville de få til med tiltaket?

- Gi elevar 55stk. på 7. trinn praktisk erfaring med teknologi og programmering.
- Styrkje samarbeid, kreativitet og problemløysing.
- Skape engasjement og meistring gjennom praktiske utfordringar med Micro:bit og robotar.
- Synleggjere at elevane kan vere skapande produsentar av teknologi, ikkje berre brukarar.
- Etablere eit opplegg som kan vidareførast som ein årleg aktivitet i Saudaskulen.



UNG KRAFT FONDET



```
ved start
radio sett gruppe 1

når radio mottar receivedNumber
  hvis receivedNumber = 0 så
    stopp med bråstopp
  ellers hvis receivedNumber = 1 så
    kjør framover med fart 20 %
  ellers hvis receivedNumber = 2 så
    snu til venstre med fart 50 %
  ellers hvis receivedNumber = 2 så
    snu til høyre med fart 50 %
```



GJORT

- Midlane frå Ung Kraft-fondet vart nytta til innkjøp av Micro:bit-utstyr, prosjekt-T-skjorter med trykk, annan nødvendig utstyr, mat og drikke til deltakarane og premier/diplom til elevane.
- Ung kraft fondet gjorde det mogleg å gjennomføre ein felles teknologidag for 7. trinn ved barneskulane i Sauda.
- Elevane arbeidde i grupper med programmering av Micro:bit og robotar.
 - Dei løyste ulike utfordringar knytt til koding, styring, testing og feilsøking.
 - Utstyret vart brukt aktivt gjennom heile dagen og gav alle elevane moglegheit til praktisk utforsking av teknologi.
 - Elever har brukt 10 uker til å øve med Micro:bit-utstyret frem til Sauda Micro:bit Challenge.



LÆRT

Kva seier barn og unge om kva dei har lært?

«Eg lærte korleis eg kan programmere ein robot til å utføre oppgåver.»

«Det var kjekt å samarbeide om å løyse utfordringane.»

Elevane viste høgt engasjement, samarbeid og meistring gjennom heile dagen.

Kva har de lært som organisasjon?

- Felles arrangement på tvers av skulane skaper motivasjon og fellesskap.
- Praktisk teknologiundervisning gir høg elevaktivitet.
- Deling av utstyr og kompetanse mellom skulane gjer gjennomføringa meir robust.
- Opplegget eignar seg godt som årleg aktivitet.



LURT

Det innkjøpte utstyret skal nyttast vidare i ordinær undervisning ved skulane. Erfaringane frå prosjektet blir brukt til å vidareutvikle programmering og teknologiopplæring på fleire trinn. Målet er at Sauda Microbit Challenge blir ein fast aktivitet for nye elevkull.

Samarbeid med næringslivet

Prosjektet støtter opp om arbeidet med framtidsretta kompetanse og teknologiinteresse blant barn og unge i Sauda. Gjennom Ung Kraft-fondet har lokalt næringsliv bidrege til å gi elevane erfaringar som er relevante for framtidens arbeidsliv.

Her ser vi Saudefaldene og Br. Selvik observere hva elevene programmerer.



Profilering

Tiltaket vart formidla gjennom:

- Informasjon til skulerne.
- Ryfylke avis var på plass
- Informasjon ut til bedrifter. 1,2 og 3 plass premier og samarbeidpris frå bedrifter på plass.
- Synleg bruk av prosjekt-T-skjorter under arrangementet.



Gjekk til topps i teknologi-konkurranse

Alle 7-klassingane i Sauda møttest og konkurrerte innan teknologi.

FRANK WAAL
Hvordan har elevene i Sauda og på bered over skilsmisse og programmerer de? 7-klassingane i Sauda for å konkurrere innan micro:bit. Vidt rekke av elektronisk og programmering skulle dei få den elektroniske maskina til å utføre ulike oppgaver, for eksempel programmene dei til å kjere gjennom ei hinderbane på eiga hand.

Elevene var delt inn i femten grupper og skulle løse fire forskjellige oppgaver innanfor konkurransen. I tillegg hadde dei elektroniske maskinene til å utføre ulike oppgaver, for eksempel programmene dei til å kjere gjennom ei hinderbane på eiga hand.

Alle 7-klassingane i Sauda møttest og konkurrerte innan teknologi. Dette var et veldig spennende arrangement, sier Wahlman. Han opplever at elevene er teknologiske utfordringer raske. Det er fantastisk å se hvordan elevene er så selvstendige forankret i teknologien. Det er imponerende, sier Wahlman.

Konkurransetiltak
Målet var å konkurrere innenfor konkurransen. Elevene ble opprettet i lag og hadde vore gjennom alle fire oppgavene. De har nå begynt på en konkurranse. Det er veldig spennende, sier Wahlman. Han opplever at elevene er teknologiske utfordringer raske. Det er fantastisk å se hvordan elevene er så selvstendige forankret i teknologien. Det er imponerende, sier Wahlman.



Emilie Espvik (til venstre), Eivind Frette Solheim og Malene Steen i dyp konsentrasjon tidlig i micro:bit-konkurransen 7. klassingane i Sauda konkurrerte i. Alle foto: Frank Waal.



Dei ulike oppgavene krevde nøyaktighet og god planlegging for å løse.



Emilie, Eivind og Malene jobber med Andreas Wahlman underveis i konkurransen.



Hvordan og opprette følger Emilie, Eivind og Malene med på om kjærestyet vil lære å kjere gjennom lag på eiga hand.

Å blande teknologi og pedagogikk på denne måten gjer det meir interessant for elevene. Andreas Wahlman

Ryfylke Avis, Torsdag 11. Juni 2026



Erfaringsdeling

Erfaringane frå prosjektet blir delte mellom skulane i Sauda gjennom samarbeid mellom lærarar, IKT-lærarar og leiing.

Opplegget kan også presenterast i fagnettverk og delast med andre kommunar som ønskjer å arbeide med Micro:bit og programmering.



Vurdering av måloppnåing

Eigne målsettingar frå søknad

Målsetting frå søknad	Mål nådd	Mål delvis nådd	Mål ikkje nådd
Praktisk erfaring med teknologi og programmering	X		
Auka samarbeid og problemløysing	X		
Skape engasjement og meistring	X		
Vidareføring som årleg aktivitet		X (under vidare planlegging)	

Vurdering av måloppnåing

Ung Kraft-fondet

Overordna målsettingar for Ung Kraft-fondet	Mål nådd	Mål delvis nådd	Mål ikkje nådd
Tiltaket har ført til meir trivsel og læring som gjer Sauda til eit meir levedyktig samfunn	X		
Tiltaket har bidrege til meir nysgjerrige, oppdagande og skapande barn/unge	X		
Tiltaket har løfta arbeidet med nytenking og entreprenørskap i barnehagen/skulen	X		
Tiltaket har bidrege til meir demokrati i praksis	X		

Rekneskap

Ung kraft fond - tildeling vår 2026:

Alle barneskoler - Micro:bit Challenge for 7. trinn, kr. 27.500



BESKRIVELSE	BUDSJETTERT KOSTNAD	FAKTISK KOSTNAD	DIFFERANSE
Microbit v2 (30stk.)	7.500kr	9.200kr*	+ 1.700kr
T-skjorter med trykk (55stk)	10.300kr	12.807,50kr*	+ 2.507kr
Mat og drikke	5.500	3.790,90kr*	- 1709,10kr
Premier/diplom/annet	4.200	562kr*	- 3.638kr
Total:	27.500kr	26.360,40kr	1.139,60kr

*Ink. mva